

Comenius-besøk frå Belgia

Comenius-besøk frå Belgia

I strålende vintervêr var seks elevar frå Sykkylven vertar for seks belgiske ungdommar første veka av februar. Det vart ei innhaldsrik veke med prosjektarbeid på skulen, omvisning og orientering om miljøprofil på Ekornes, besøk på Akvariet, Aksla og i Ålesund sentrum, og ein skikkeleg vinterdag på fjellet med akebrett og ski.

Elevutvekslinga er ledd i prosjektet

Make a Difference ? European Footprints on our World. Elevane arbeider med miljøspørsmål ? særleg knytt opp mot kva ein kan gjere for å redusere karbonutsleppa frå deltakarlanda. I tillegg får elevane erfaring i å kommunisere på engelsk, og møte ein ny kultur. Det vart ei særers vellukka veke for elevane ? og no gler dei norske elevane seg til å reise til Belgia i mars.



2010.02.15 14:48

Nei